

## › Barnevernstenesta

Barnevernstenesta: Totalt mottatte meldingar: 105 , Henlagt etter undersøking: 49, Fristbrot i undersøking: 8 % (2 .halvår/ av 44 ) Barn med tiltak: 1.halvår: 83, 2.halvår: 60. Barn under omsorg: 5 . Tilsyn:10

Tenesta er på god veg i arbeidet med styrking av relasjonar og i møtekomme uttalte og vurderte behov. Ein har målbart auka kontaktpunkta med barn og familiar. Ein har styrka tenesta med vurdering av barnets beste, relasjonskompetanse og psykisk helse. Dei fleste borna i tenesta har aktive tiltaksplanar og ein arbeider for hyppigare planevalueringar. Ein har arbeidd med å styrke samarbeid med dei ulike tenestetilboda i kommunen.

Barneverntenesta arbeider for å vere synlege i ulike forum, deltek på fagmøte i barnehagar og skular når det er ønskeleg. Alle skular og barnehagar har eigen kontaktperson. Tenesta tek i mot NN-saker, drøftar og deltek i ulike samarbeidsprosjekt (TALK, BAPP m.m).

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med undersøkingssaker i barneverntenesta hausten 2020. Tenesta fekk avvik på manglande internkontroll og svikt i dokumentasjon og forsvarleg saksbehandling.Tenesta hadde ikkje dokumentert vurdering av barnets beste i sakene som var undersøkt. Tenesta fekk pålegg om å utarbeide plan for lukking av avviket og at det blir kontroll innan 01.06.21, med tilbakemelding til Fylkesmannen. Arbeidet med å lukke avviket er sett i gong.

### Kostra, barnevern 2020

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr. innbyggjar 0 -22 år	kr	4404	8541	8387
Barn med melding ift innbyggjarar 0 -17 år	Prosent	3,8	4,7	4,6
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggjarar 0-17 år	Prosent	3,6	4,9	4,8
Barn med barnevernstiltak ift innbyggjarar 0-22 år	Prosent	4,3	4,8	3,8
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	45 547	50 410	54 645
Brutto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	252 647	437 016	433 312
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	antall	21,2	17,8	17,5
Undersøkingar med handsaming innan 3 mnd	Prosent	91	88	90